

På konsert med heile fylket sitt orkester

«Når konserten byrjar vert eg mest opp i undring. Er dette det same orkesteret som eg høyrde i går?»

Det er på ei av desse utrolig vakre seinvinter ettermiddagane med snøkanta tørr asfalt og rosa skyer i skumringen at eg er på veg til orkesterprøven til SOFORK.

Ytre Sogn **Olav Lundgren**

Dei er på Høyanger samfunns- hus og slit seg gjennom Franz Berwald og Carl Nielsen og eg tenkjer mitt. Det eg ikkje veit er at dette er bladspel, at det er første gangen dei les gjennom notane, så eg fryktar no det verste for konserten i morgon. Korleis vil Høyangerfolket ta imot denne vanskelige musikken når orkesteret ikkje makter å framføre det på ein forståelig måte?

Men laurdag føremiddag klokka 10 er det atter prøve og dei held jammen på til 16 om ettermiddagen.

–Dei skal vere godt utslitne før kvelden kjem på konserten, tenkjer eg.

Klokka 19 sit eit forventningsfullt publikum i kinosalen på samfunns- huset og eg ottast det verste. Men når konserten byrjar vert eg mest opp i undring. Er dette det same orkesteret som eg høyrde i går? Kva har han gjort med dei, dirigenten, professor Jan Bjøranger? Velpleidd og fornemt byrjar orkesteret med Griegs scenemusikk til Sigurd Jordsalfar og no kan tankane berre strøyme fritt tilbake til vikingtid og norsk stordom. Stilt og presist kling det frå treblåsarane for messingen set inn og eg ser for meg våre stolte forfedre på havet i drageskip og i kamp, og eg kjenner kor det svulmar i brystet når trompetar, horngruppa og grovmessingen set inn. Og eg er ikkje den einaste som kjenner det slik, for det blir kraftfull applaus og ein- kvan som ropar bravo!

Her, som i melodramaet Bergljot og i fragmentet Landkjenning viser Grieg sitt dramatiske talent. Årsak, for dette er min kjæpphest: Kvifor vart ikkje Peer Gynt operaen fullført? Kvifor gjekk operaprojektet om Olav Trygvason med libretto av Bjørnson i vasken? Vi kunne ha hatt to norske operaer på alle verdas scener. Ja, eg veit det vart usemje mellom Grieg og Bjørnson, likeeins krangla Grieg med Ibsen om Peer Gynt, men kvifor tok ikkje styresmaktene nokre grep så vi kunne fått to store nasjonale operaer, og så hadde opera- huset kome på plass i same slengen? Her forsømte vi oss godt. Seinare då politikarane forsto kva dei hadde mist av material til nasjons- bygging, så gav dei Emanuel Vigeland pengar og frie tøyalar til å gjere kva han ville i det store friarealet som seinare vart Vigelandsparken. På den måten øydela dei Vigeland



sitt store talent og evne til fornying ettersom han vart tvunga til å halde på heile livet med eit prosjekt som etterkvart vart kunstnerisk forelda.

Orkesteret framførte vidare eit verk av svensken Franz Berwald. Minnen frå norske fjällen. Vi kan forstå at dette også var vanskeleg musikk for svenskane i 1842 for her er mang ei utfordring for strykarane. Eg trur Berwald kan ha hatt det kleint i den norske fjellheimen, men så hadde han ein ortopedisk klinikk i Wien der han sikkert kunne bli restituert etterpå. Tydeligvis hadde han syner om Norges frigjering og det fall tungt for det svenske brystet, for verket slutta med ein mollstemt nedgang i trombone, det er som ein sår gråt som ikkje let seg halde att. Berwald vart

dårlig motteken av svenskane den gongen, men i dag blir han sett på som ein av Sveriges største tone- settare. Berwaldhallen i Stockholm er Sveriges gjevaste konsertsal og der heldt Sveriges Radios Symfoniorkester og Radiokören til.

Dersom det absolutt må vera ein svenske med i programmet så kunne eg personleg like gjerne likt å høyra noko frå Hugo Allfvens Mittsommarmakam, og når det gjeld Berwald så trur eg nok at Sibelius står noko nærare vår måte å oppfatte tilveret på.

For framføringa av Sibelius Valse Triste var berre magisk. Her kunne ein godt merke at orkesteret fekk salen med seg. Det var fortetta dødstillta i dei svake partia der nesten ingenting skjer, det går så langsamt at det er like før musikken stoppa opp og vi vert tvunga til å halde pusten. Var det døden som møtte oss her?

Då er det annleis med orkesterverket Finlandia. Den opp- havelege tittelen, Finland vaknar, måtte Sibelius stryke av fare for å vekkje harme i Russland, for her høyrer vi revolusjonær harme og maskingeværel. Orkesteret har gode blåsarar, og særleg stolt var eg av dei to frå Kulturskulen i Høyanger, rek-

tor Beate Kjølstad og Randi Famer. Særleg imponerte dei meg i nokre passasjar med parallelle oktavar mellom klarinett og fløyte. Det er svært vanskelig å få oktavane til i stemme og så må det vera heilt saman. dette gjorde dei heilt perfekt, gratulerer! La meg også få framheve trompetgruppa med solotrompet Arvid Anthun i spisen. Han var det skikkelige gnell i! Ut frå denne voldsomme finske kampviljen let Sibelius det stilt vekse fram ein religiøs hymne så inderleg og ektefølt som berre finnane kan få det til. Det er Stjerne- songen som mange meiner egentlig burde vere Finnlands nasjonal- song.

Når vi ser dirigenten, professor Jan Bjøranger, frå salen, så får vi inntrykk av ein autoritær og krevjande orkesterleiar. Utan pinne slår han ut og opp med begge armene nesten som Stokowski i Fantasia. Stram og keik i rygene kan han også minne om vår eigen elegante dirigent Trygve Norgren, men forfra og i privat samtale finn vi ein koseleg og lite profesoral bamsefar som vi bare må like og få tillit til. Det er ikkje rart han blir respektert og godt likt av orkestermedlemmene. Særleg er det strykarane som profiterar av hans instrument- kjennskap og samspel. Det er ikkje så rart, for av utdanning er han mellom anna violinist og så er han professor i ensemblespel.

Etter konserten snakka eg litt med styremedlem Anja C. Grotle frå Bremanger. Ho var med med på obo

og engelsk horn. Nyleg hadde ho vore i Holland og kjøpt engelsk horn til 54 000 kroner. Kva skulle ho vel med det? Jo, i Carl Nielsens andre symfoni, 3. sats, der er det ein engelsk horn solo som varer i heile fem sekund.

–Høyrde du kor eg spelte, spør ho forventningsfull og gledes- trålende. Eg funne min plass i livet no, sa ho.

–Ja, eg høyrde soloen din, sa eg, og eg såg og at du plukka opp den store oboen du hadde ståande der ved sida av stolen din. Ho spelar elles 2. obo, og trivst med det. Engelsk horn har djupare og heller melanskolsk klang.

–Eg tykkjer det er so gildt å forme desse lange klagande tonane.

–Nokså spesielt dette, tenkjer eg, men det vitnar om entusiasmen til orkestermedlemmane.

Ho fortel at SOFORK er fylket sitt orkester, og dei spelar kvart år ein konsert på ein ny plass slik at fleire bygdelag skal få glede av eit besøk. Sjølv tykkjer eg at det er ei glede å sjå at så mange ungdommar som vil vere med og spele symfonisk musikk. Særleg på strykersida er dette ei stor og vanskeleg utfordring, på ingen måte kan det jamførast med korps når det gjeld arbeidsmengde og kostnad. Orkesteret skilta med fem cellistar, og berre ein kontrabass, men denne eininga fungerte svært bra. Eg la sjølvstilt merke til dei tre fine ungentene på andre pult i cello- gruppa.



«Særleg stolt var eg av dei to frå kulturskulen i Høyanger, rektor Beate Kjølstad og Randi